

PÅ TUR I RADØY 2015

TURKART OG INFORMASJON ER LAGT UT PÅ WWW.UT.NO



RADØY
den grønne øya

Foto: Utsikt fra Solheimsåsen

TURMÅL 2015

Turnr.	Turskildring	Kodeord
1.	Grønfjellet (163 moh) Turen startar på Storheimstø, der Sæbøvegen tar av frå Radøyvegen. Parkering ved Storheimstøkrysset. Følg merka sti mot toppen av Grønfjellet. Derifrå kan du gå vidare sørover mot Peprane og ned til gamlevegen Soltveit-Haukeland, og følgja den attende til Storheimstø. Turen til toppen av Grønfjellet tar knapt 1 time tur/retur. Tar du heile runden over Grønfjellet, Peprane og følgjer gamlevegen attende, tar turen kring 2 timar.	
2.	Solheimsåsen (190 moh) Turen til Solheimsåsen startar på Solheim og følgjer gardsvegen oppover mot Solheimsåsen gjennom flott kulturlandskap. Turen er lett å gå og tar kring 1 time tur/retur. Parkering ved fotballbana på Solheim. Det er også mogleg å gå frå Kvamme, Tolleshaug eller Olsvoll.	
3.	Kvistefjellet (209 moh) Turen startar anten i Sæbøvågen eller på Kviste. Følg merka sti mot toppen av Kvistefjellet. Parkering i Sæbøvågen eller langs vegen på Kviste. Turen frå Kviste til Kvistefjellet tar kring 50 minutt tur/retur. Frå Sæbøvågen tar turen kring 3 timar tur/retur.	
4.	Søre Hallandsvatnet rundt Turen rundt Hallandsvatnet startar ved brua over vatnet. Følg merka sti sørover langs vatnet. Posten er sett ut langs vegen på vestsida av vatnet (Li-sida). Parkering ved Hallandsvatnet. Turen tar kring 1 time.	
5.	Morkefjellet (217 moh) Turen til Morkefjellet startar på Solendfjellet og følgjer merka sti over Lifjellet og Nøttveitveten mot Morkefjellet. Parkering langs vegen på Solendfjellet. Turen tar kring 1,5 time tur/retur. Det er også mogleg å gå frå Nøttveit, Morken eller Li.	

Turnr.	Turskildring	Kodeord
6.	<p>Skageneset</p> <p>Turen startar ved Toskavegen, like før bustadfeltet i Langhøyane. Følg skilting mot Skageneset. På vegen attende kan du gå til høgre i det siste skiltkrysset du passerte på vegen utover. Denne stien treff hovudvegen mot Toska ved Urhaug. Følg hovudvegen attende til Manger. Turen tar kring 1,5 time. Parkering ved rådhuset på Manger eller ved Toskavegen.</p>	
7.	<p>Marøy</p> <p>Turen startar ved grendahuset i Marøy, der du kan parkera. Følg hovudvegen og deretter traktorvegen nordover, og vidare langs stien. Framme på Knappen, ser du festningsverket, som vart bygd av tyskarane hausten 1942. Turen tar kring 50 minutt tur/retur.</p>	
8.	<p>Syltaneset</p> <p>Turen startar ved sankeplassen i enden av grusvegen mot Syltaneset, der du også kan parkera. Følg merka sti nordover gjennom det flotte kystlyngheilandskapet. Turen tar kring 3 timar tur/retur.</p>	
9.	<p>Vågsbotn</p> <p>Turen byrjar ved svingen nedanfor Risnes skule. Du kan parkera på grusplassen ved svingen. Turen går på skogsbilveg heile vegen, og passar dermed også for barnevogn. Turen er ca 4 km tur/retur.</p>	
10.	<p>Lometjørna</p> <p>Turen byrjar ved fotballbana på Sletta, der du kan parkera på grusplassen ved Samfunnshuset Skogen Sletta. Følg skogsvegen på oppsida av fotballbana. Turen til Lometjørna tar kring 30 minutt (ein veg). Derifrå kan du gå vidare til Sætre, eller følgja ein av dei skilta stiane attende. Det er også mogleg å byrja turen frå Gjerde.</p>	

OM TURBROSJYREN

Merk gjerne
turbilete på Instagram
og Facebook med
#turarpåradøy

På kvart av turmåla som er nemnd i denne brosjyren er det i perioden 15. april til 15. oktober 2015 sett ut ein post med eit kodeord. Dette kodeordet skriv du i feltet til høgre for skildringa av turen i dette heftet. Når du har gått turane, kan du levera inn brosjyren på rådhuset eller senda den pr post til Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger. Kart og nærare skildring av turane finn du på www.ut.no.

PREMIAR

Born til og med 12 år som har gått minst sju turar og alle frå 13 år og oppover som har gått alle turane, er med i trekninga av to VISA verdikort med verdi av kr 1000, tursekkar og drikkeflasker. Born til og med 12 år som går minst sju turar, får i tillegg diplom.

Premiane er gjevne av Sparebanken Vest.

FERDSEL I NATUREN

Når du ferdast i naturen må du ta omsyn til dyre- og planteliv. Hugs bandtvang, og forbod mot opptenning av eld i eller ved skogmark 15. april-15. september. Rydd opp etter deg og ikkje legg frå deg boss i naturen.

Sjå www.radoy.kommune.no/paatur for meir informasjon. Der kan du også lasta ned denne brosjyren.

Namn:	
Adresse:	
E-post:	
Telefonnr:	Alder:

Frist for innlevering er 20. oktober 2015

